



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 15

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 29.10.2015

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/322-31	6966/15	020	FSK/FEL/ANTE	

MØTEREFERAT 21. OKTOBER 2015

Det vart halde møte i eldrerådet onsdag 21. oktober 2015 kl. 14.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen
Erna Drange
Helge Hauge
Anne Lise Holmelid

Reidun Sellevåg møtte ikkje.

Sak 1 - Økonomistatus etter Eldredagen og komlefesten

Eldredagen 2015 gjekk med underskot på kr. 695,-. Dette vart dekkja av kassen.

Det har kome gode tilbakemeldingar om programmet på Eldredagen, og dagen må seiast å ha vore vellukka.

Det har elles kome synspunkt frå folk om at Eldredagen for ofte har vore arrangert i Uggdal. Rådet diskuterte dette litt, og det vart halde fram at lokalet i Uggdal er godt eigna til slike arrangement.

Når det gjeld komlefesten 5. november, så skal leiar i eldrerådet ta kontakt med dei andre medlemene dersom det trengst dugnadshjelp til arrangementet.

Sak 2 - Konklusjonsrapport frå Eldrerådskonferanse for eldreråd i Hordaland

Erna Drange og Anne Lise Holmelid deltok på eldrerådskonferansen. Dei melde tilbake om ein svært interessant konferanse. Tema var m.a. demens, samhandlingsreforma og

kommunereforma. Ein overlege frå Haraldsplass informerte om langsiktig behandling innan geriatri. Lindås kommune informerte om at dei var komne langt innan samhandlingsreforma.

Stikkord frå konferansen, litt knytt opp til Tysnes:

- Samhandlingsreforma har fungert godt i Tysnes kommune
- Det er tilbod om demens-ven, frå Stord pr d.d.
- Frå 2016 vert det lovpålagt å gje tilbod til yngre demente
- Det har vore ei vellukka ordning med pasientven på sjukeheimen. Dei som bur på sjukeheimen har det bra samanlikna med tilsvarande i andre kommunar. I Tysnes er det m.a. einerom.

Ymse.

Her vart det teke opp at kommunen manglar pensjonistlag. Leiar i eldrerådet skal kontakta Hordaland pensjonistforbund om å halda informasjonsmøte i Tysnes om temaet.

Møtet slutt kl. 15:05